

## Årsmelding for Austevoll Idrettsklubb 2023

Hovudstyret i Austevoll Idrettsklubb er sett saman av valde representantar frå gruppene våre + leiar.

### **Hovudstyret 2023**

Leiar Andreas Risøy

Nestleiar Torbjørn Karlsen

Styremedlem Anita Aasebø

Styremedlem Svein Harald Haukanes

Styremedlem Silje English

Styremedlem Trond Heggstad

Styremedlem Hanne Haugland Østervold – fratrådt i haust

Varamedlemmer Anne Berith Drønen og Ole Inge Møgster

Valkomiteen: Morten Mortvedt, Rebekka Østervold, Brede Storebø. Kjetil Kolbeinsvik er vararepresentant.

Kontrollkomiteen: Svein Arne Kalvenes og Irene Kaland. Gunnar Heimark er vararepresentant.

Revisjon: Advisor Revisjon AS - Ann-Mari M. Juvik.

### **Tilsette i Austevoll Idrettsklubb.**

Dagleg leiar Lena Bjørøy har vore i 100 % stilling og har delteke på hovudlagsmøta. Ho har hovudansvar for drift av klubben og drift av Austevollhallen for Austevoll kommune. I tillegg driftar ho lågterskeltilbod og allidrett.

Annette Horne Tøkje har 30 % stilling i administrasjonen, med ansvar for symjing.

Anders Tøsse har 30 % stilling som administrativ leiar i fotballgruppa, og i tillegg har han 5 % stilling i fotballfritidsordninga (FFO). Trond Fredrik Ludvigsen har 70 % stilling som sportsleg leiar, FFO, storhallprosjektet og er trenar for A-laget. Kjetil Stensland er tilsett i 5 % stilling på A-laget.

I tillegg har fotball og symjing nokre ungdommar som trenarar på lønningslistene sine.

**Medlemmar:**

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2023 619 medlemmer, dette er ein nedgang på 65 medlemmer. Ein av grunnane til nedgang i medlemstalet er at symjegruppa mista ein del medlemmer, då dei manglar trenarar.

Mange av våre medlemmer er med i fleire grupper i klubben, noko som er viktig for allsidigheit.

Av medlemsmassen vår er det ca. 55 % menn og 45 % kvinner.

Fotballgruppa vår er den største gruppa med 388 medlemmer i 2023.

	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Kvinner	16	134	75	3	48	276
Kjønn	0 - 5	6 - 12	13 - 19	20 - 25	26 -	Total
Menn	19	132	110	16	66	343

**Styret og klubben sitt arbeid:**

Hovudstyret har i år hatt 7 styremøter. Det vart handsama 38 saker. I tillegg har vi hatt nokre saker som har vore handsama i samarbeid med dei det gjeld.

**Klubben har i år hatt desse gruppene:**

Badminton, Fotball, Klatring, Volleyball, Turn, Symjing, Friidrett og Allidrett/ barnetrim.

**Fellesprosjekt i Austevoll Idrettsklubb:**

I 2023 har vi hatt 7 open hall. I tillegg har vi hatt 5 open hall/bowling i samarbeid med Austevoll arbeidssamvirke, og psykiatrien/rusomsorgen i kommunen.

**Økonomi (med atterhald)**

Austevoll Idrettsklubb hadde i 2023:

Driftsinntekter: kr 6 262 594

Driftskostnader: kr 6 024 420

Driftsresultat: kr 238 174

Årsresultat: kr 445 808

Medlemskontingenten utgjorde kr 717 566 og utgjør ca 11,45 % av alle inntekter. Lånet vi hadde på Austevollbadet blei nedbetalt i sommar.

### **Anlegg:**

I 2023 fekk vi satt i gong planlegging av lager i Austevollhallen. Her har vi fått teikningar på nytt lager, så arbeidet er endeleg i gong.

Vi fekk byrja planlegging av bod/lager på løpebanen også, for å få betre plass til alt utstyret vi har i klubben. Lageret skal brukast til oppbevaring av framtidig vedlikehaldsutstyr.

### **Arrangement 2023**

**4 mars: Open hall**

**7 mai: Austevollsleikane**

**1 juni: Idrettsdag ungdomsskolen**

**7 juni: Idrettsdag barneskolen**

**26-30 juni: Sommerskolen 2023**

**9 aug: Austevollsmesterskapet**

**10 aug: Austevollsmesterskapet**

**13 aug: Open hall**

**14 aug-16 aug: Tine fotballskole**

**1 okt: Open hall klatring**

**14 okt: Open hall**

**20 okt: Austevollserien**

**22 okt: Stjerneserien**

**26 okt: Bowling for ASV/del av open hall**

**19 nov: Open hall ASV/psykiatri og rusomsorg**

**29 nov: Bowling AIK/ASV, psykiatri og rusomsorg**

**30 nov: Bowling for ASV/del av open hall**

**21 des: Bowling for ASV/del av open hall**

**27 des: Julecup**

**28 des: Julecup**

## Støttespelarar

Mange verksemdar i Austevoll og utanfor er med å støtta vårt arbeid i klubben. Ein del støtter ei gruppe, medan andre støtter alle gruppene våre. Vi er takknemleg for alle som hjelper som sponsorar på drakter og klede, som støttar med skiltreklame, som gjev gåver til klubben, gjev støtte til å dekke lån og avdrag, og dei som sponsar produkt til våre arrangement.

Dei som tippar hjå Norsk Tipping kan velja å gi 7 % av omsetninga til ein organisasjon. Austevoll Idrettsklubb fekk inn 187 804 kr på dette i 2023. Desse pengane går til å vidareutvikla anlegga våre. Vi vil gjerne kunne halda fram med å bruka desse midlane til fellesskapet.

Sparebanken Vest har gjeve rause utbetalingar til klubben i 2023. Vi fekk 350 000 til bod/lager løpebanen, 75 000 til nye fotballmål, 50 000 til låsesystem og trenarkurs klatregruppa, 20 000 til Stjernelaget til landstreff i Bodø, og 10 650 til da elektroniske tidtakaranlegget vårt. I tillegg fekk volleyballgruppa 17 000 til nye ballar og utstyr. Sommarleiren vår fekk 10 000 til kjøp av lunsj den veka den pågjekk.

Austevoll kommune er òg ein god og viktig økonomisk støttespelar for AIK. I 2023 har vi fått idrettsmidlar, LAM midlar, og støtte til open hall.

Lerøy har, som vanleg, levert fantastisk mat til ein del av arrangementa våre.

## Gruppene

**Turn:** dei flotte damena våre i turngruppa har gitt seg no i haust. Dei feira 40 års jubileum i fjor, og Helga Rabben har vore trenaren deira i alle desse åra. Da står da respekt av!

**Allidrett 1.- 4. klasse:** dette er eit lågterskeltilbod , der ein får prøva seg på mange forskjellige idrettsaktivitetar. I haust hadde vi ca 40 barn som deltok. Trenarane i haust har vore Janne Jakobsen, Cecilie Farningham og Vibece Oksnes.

**Barnetrim 0-5 år:** Barnetrimmen er i hovudsak frileik der føresette er med. Dei har trening i Austevollhallen kvar tysdag. Dei som har hatt barnetrimmen i år Inger Marie Hausberg, Natalie Elholm og Christin Henriksen.

**Friidrettsgruppa:** interessa for friidrett har tatt seg opp i klubben vår, mykje takka vere Svein Harald Haukanes som brenn for denne idretten. Gruppa har fått mange nye medlemmar, og vi har fått med nye, engasjerte foreldre. Dette er viktig for gruppa fram øve. Gruppa har delteke på fleire stemner i året som gjekk. Dette resulterte i mange fine resultat og personlege rekordar.

**Volleyball:** Marie Dåvøy og Andreas Karlsen driv framleis volleyball om tirsdagane.

**Symjing** – Sportsleg var 2023 eit godt år for symjegruppa, med gode prestasjonar og deltaking i fleire store meisterskap. Synne Waage deltok på landsstemnet i paraidrett i mars som einaste utøvar frå Austevoll. Ho deltok i fire øvingar og fekk vere med på eit stafettlag der dei kapra gullmedaljen.

Symjegruppa har hatt 38 symjeinstruktørar og trenarar i vår, mens ved oppstart i haust enda vi på 27 stykk.

**Klatring** – endeleg fekk vi på plass eit nytt og flott, topp moderne buldrerom. Her har Per Erik Hansen og Veronika Møgster vore primus motor! Vi har hatt trenarkurs for folk i alle aldrar. I tillegg har lærarar frå skulane fått tilbod om opplæring, sånn at dei kan nytta buldrerrommet i skuletida. Gruppa har fått mange fleire medlemmer i år, og vi håpar på enda fleire, då vi har fått eit nymotens app låsesystem, som gjer at folk kan låse seg inn når dei vil.

**Badminton** – Anita Aasebø takka for seg etter 10 år som trenar. Vi er veldig takksam for jobben ho har gjort for badmintonmiljøet i klubben. Ny leiar i gruppa er Morten Mortvedt. I tillegg har vi hatt Kristine Kolbeinsvik som trenar for dei aller yngste, med god hjelp frå Astrid Salthella. Denne gruppa har også fått mange nye medlemmer. Dei har stor aktivitet i gruppa, og dei er med på turneringar rundt om i Bergensområdet.

**Fotballgruppa** - Vi har ca 400 aktive fotballspelarar i AIK, desse er fordelt på 14 lag i alderen 6-12 år, 7 lag i ungdomsfotball og 2 seniorlag. Desse laga genererer øve 60 trenarar og lagleiarar.

Fotball er ein heilårsidrett med cuper året rundt, seriespill og vinterserie.

Da blir ein del kilometer på vegen, både til cup og serie.

Fleire lag er på overnattingscuper, og Voss, Sogndal, Haugesund, Oslo, Hjørring (DK) har blitt oransjefarga gjennom året av spelarar, trenarar og entusiastiske foreldre og slekt. For eit fellesskap og samhald da er på desse cupene.

- Tusen takk til alle sponsorane våre!
- Tusen takk til alle trenarar og lagleiarar som står på heile året for at borna og ungdommane våre skal ha eit tilbod!
- Tusen takk til dei flotte medlemmane våre!
- Tusen takk til alle samarbeidspartane våre!

Storebø

-----  
Andreas Risøy

Leiar

-----  
Lena Bjørøy

Dagleg leiar